

Ungdommen si stemme

Det er særst viktig og motiverande for ungdommen i Ørskog å sjå at våre idear og tankar om sentrum si utvikling, blir høyrd og sett. Det er derfor utruleg kjekt å sjå resultat av at vi unge har engasjert oss, som vi for eksemel ser i merkinga av sentrum. Som ungdom, har vi fått oppleve tett på korleis det er å opphalde seg i sentrum utan sertifikat og utan bil. Difor er ungdommen glad for at det i stor grad blir satsa på gode moglegheiter for sykkel – og gangveggar, og at desse gjer det meir attraktivt for alle å ta sykkelen framfor bilen. Etter merkinga i sentrum er det tydligare kor vi som mjuke trafikantar har plass og kor vi skal ferdast. Dette fører til at vi no kjenner oss tryggare i sentrum og føler vi har ein plass i sentrumsbilete. Det er kjekkare å opphalde seg i sentrum og vi gler oss til å følgje prosessen vidare.

Shelltomta har engasjert mange og då spesielt oss unge. Tankar om både pumtrackbane, klatrestativ og grillplass har blitt nemnd, men det som har festa seg hos mange er ein plass å opphalde seg som er skjerma for vår og vind. Nokon av ungdommane har nemnt at det er «Viktig at det er plass til mange» og at «det er ting å finne på». Arkitektane kom med eit forslag til eit flott bygg som både gir plass til mange og er ein opphaldsstad der ein kan finne på mykje. Det er også tenkt inn god belysning, laddemoglegheit og at det skal vere lett å ferdast til og frå. Ungdommane stiller seg bak arkitektane og har eit stort ønske om å sjå dette bli oppfylt på Shelltomta. Dette kan også koplast til tankane om ei trapp ned mot moloen. «Det er så fint nede med småbåthamna» vart det sagt på eit møte med arkitektane tidligare i haust, og med dei tiltaka som allereie er gjort og som er tenkt kan det bli enda betre. Dette gir også moglegheita for ein plass der litt eldre ungdom kan opphalde seg ettersom Klubben som er på Ørskoghallen er tileigna ungdom som gjeng på ungdomsskulen. Ved eit slikt bygg kan ungdom som både gjeng på vidaregåande, men også yngre møtast.

Likevel er ønske om ei pumtrackbane forsett aktuell og ideen om å sette denne nærmare skulen syns oss ungdommane er ein god ide. På skulen er det allereie anna utstyr til sykkel og derfor vil ei pumtrackbane passe godt inn! Det gir også høve til at dei som går på skulen kan bruke den i friminutta. Vi unge setter også stor pris på at det blir tilrettelagt for ulike aktivitetar i sentrum. For eksempel stupebretta som er/blir montert på dei ulike

badeplassane. Dette er med på å gjere sentrum til ein aktiv plass der vi kan finne på mykje kjekt!

Som nemnd tidligare er tryggleik i sentrum noko som står sterkt hos ungdommen. Merkinga av sentrum var eit stort steg i riktig retning og har gjort det mykje tryggare allereie. Også bruk av planter og blomster har hatt stor innverknad både på tryggleik og på å gjere sentrum finare. Det er framleis ein veg å gå, for fleire unge kjenner seg utrygg når dei ferdast mellom for eksempel klubben og butikken. Dette på grunn av dårleg belysning. Det er derfor eit ønske om betre belysning opp til Hallen, ved moloen og fjøra.

Det å ta vare på miljøet og fremje naturen er to ønsker oss ungdommen ønsker skal bli lagt vekt på i reguleringsplanen. Derfor ønsker vi unge fleire søppelbøtter rundt om i Ørskog som blir tømt regelmessig.

Vi ønskjer å få vere ein del av prosessen mot eit levande sentrum der vi unge har ei stemme. Vi takkar for å bli høyrte og få vere ein del av prosessen.